




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Haram vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2022-23



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	5
3. Læringsmiljø	6
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	7
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	8
4. Skoleårsresultat	9
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	9
4.2 Karaktersnitt	11
4.3 Fråvær	12
4.4 Elevar som har slutta	13
4.5 Overgangar	14
5. Leiing og profesjonsutvikling	14

1. Rektor har ordet

I skuleåret 2022/2023 var vi igjen tilbake til det normale, der fokuset på korona og pandemi forsvann like brått som det kom i 2020. Elevane kunne igjen reise til utlandet og eksamen var tilbake.

Vi opplevde hausten 2022 litt spesiell, der vi utover i 1. halvår fekk ein sterk auke i elevtalet og då spesielt innafor studiespesialisering internasjonal. Det var og ein del vandring i elevmassen innafor yrkesfaga, der nokre elevar flytta til anna skule nærare heimstaden sin også etter 1. oktober, noko som slår inn i våre statistikkar.


Digitale norskeksamenar gav også ein del utfordringar i mai, der dei fleste fekk annullert eksamensresultata sine. Tilbakemeldinga frå realfagseksjonen var elles at den nye eksamensforma etter kunnskapsløftet var for teoretisk og gjorde at resultata vart dårlegare enn det dei normalt burde vere til eksamen. Dette er ein av to hovudgrunnar til nedgangen i gjennomføringa i 2022/2023, der vi fekk eit uventa lågt resultat for skuleåret 2022/2023. Vi har og ei klasse i Skottland med 100 % gjennomført og bestått som ikkje er med i talmaterialet.

Miljøet på skulen var godt også i 2022/2023, der Elevundersøkelsen gir tilbakemelding om at det er lite mobbing på skulen.

Vi har over fleire år hatt ein auke i inntakspoenga. I skuleåret 2022/2023 går den litt ned. Vi har likevel ein auke i talet på elevar som har høge eller svært høge inntakspoeng. Dette samtidig med at vi og har ein auke i talet på elevar som har lave inntakspoeng. Med eit stadig større strekk i laget får vi eit endå sterkare krav i forhold til å gi tilpassa opplæring, i tillegg til at det krev fleire lærarar i klassen som underviser på ulike nivå. Vi hadde og ein sterk auke i minoritetsspråklege med kort butid i Noreg. Desse har ei ekstra utfordring når dei ikkje får undervisning på sitt eige morsmål. Utfordringa er ekstra stor for dei som heller ikkje kan engelsk. Gjennomstrøyming vil i komande skuleår få eit endå sterkare fokus, og vi set inn tiltak der vi ser risikoen for avbrot og stryk er størst. Dette må likevel skje utan at krava til/kvaliteten på prestasjonane vert redusert.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen



Tal på årsverk pedagogisk tilsette	36
Tal på årsverk i leiarstillingar	4
Tal på årsverk andre tilsette	7

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro	20	17		37
Helse- og oppvekstfag	13	15		28
Teknologi- og industrifag	29	19		48
Studiespesialisering	46	17	41	104
Studiespesialisering utland		8		8
Påbygg generell studiekompetanse			38	38
Total	108	76	70	263

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	17
---	----

Til Vg1 Elektro og datateknologi tok vi inn 14 elevar og 6 elevar til Vg1 Elektro og datateknologi – Yrkes og studiekompetanse, samla 20 elevar. Sjølv om vi har oversøking til desse tilboda, så er tilgangen til læreplassar og bransjen sine ønske om læreplassar ein avgjerande faktoren her.

Til Vg1 Helse og oppvekstfag hadde vi 15 elevar ved skulestart, men vi opplevde at nokre slutta i løpet av året. Vi har normalt sett god søking til Vg1 Helse og oppvekst, men kan år om anna ha problem med å fylle opp begge halvklassane til Vg2 HO (Barne- og ungdomsarbeidarfag eller Helsearbeidarfag). I skuleåret 2022/2023 var det god søking.

Til Vg1 Teknologi- og industrifag, tok vi inn 23 elevar og 6 elevar til Vg1 Teknologi – og industrifag – Yrkes og studiekompetanse. Det kan vere ei utfordring å få nok søkarar til ei klasse på Vg2 TP (Industrieteknologi). I skuleåret 2022/2023 var det grei søknad her.

Søkinga til Studiespesialisering varierer stort frå år til år. Grunnen til den store auken på Vg1 Studiespesialisering var at mange gjorde omval, der dei kom frå andre skular etter skulestart, og at Vg1 Studiespesialisering internasjonal har blitt så populær etter at den sterke internasjonale satsinga har vorte kjent. Vi fekk skuleåret 2022/2023 igjen starte Vg2 ST i Skottland. Dette vart klarert like før søknadsfristen, og vi fekk difor få søkjarar. Det vart ein kraftig oversøking til inneverande skuleår. Påbygg generell studiekompetanse består av Vg3 Påbygg generell studiekompetanse, Vg3 Yrkes og studiekompetanse og Vg4

Yrkes og studiekompetanse. Søknaden til Vg3 Påbygg generell studiekompetanse har auka dei siste åra. Haram vidaregåande skule hentar om lag 65% av elevmassen i forhold til naturleg nedslagsfelt/næraste skule.

2.3 Inntak vg1 – føresetnader

2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	2,3%	3,1%	2,9%
0 - 25	1,1%	2,7%	1,3%
25 - 30	3,8%	4,3%	3,8%
30 - 35	9,0%	7,8%	9,6%
35 - 40	14,3%	12,1%	15,2%
40 - 45	22,9%	20,7%	22,4%
45 - 50	24,4	24,6%	23,3%
Over 50	22,2	24,6%	21,4%

2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år




	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Skriv inn namn på skole	42,1	43,0	43,3	43,7	43,5
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

I skuleåret 2022/2023 var det 49,2% av elevar inntatt som hadde karaktersum over 49,2%. Dette er 4,5% over snittet i fylket. Samstundes er det 10,1% som har ein karakterpoengsum som ligg lågare enn poengsum 30. Dette er 2,1% meir enn snittet i fylket. Dette gir ei større utfordring i forhold til gjennomføring og bestått. Samla sett ligg vi litt over (0,2%) inntakspoenga i fylket i inneverande skuleår.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)



3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Tilbakemeldingane frå elevundersøkinga varierer frå Vg1, Vg2 og Vg3. Ein forklaringsfaktor er at elevar på yrkesfag gir betre tilbakemeldingar i elevundersøkinga enn det studiespesialisering gjer. Med dette som utgangspunkt har Vg1 ein høgare andel på studiespesialisering 43% enn det Vg2 har med 22,4% (Utland er ikkje med). Vg3 er ei blanding mellom Studiespesialisering, Yrkes- og studiekompetanse og Påbygg generell studiekompetanse. Det er stort sett lavare tal her, og spesielt på demokrati og medverknad, motivasjon som og har hatt ein liten tilbakegang og vurdering for læring, sjølv om det her er ein liten framgang.

Vg1 har enno ikkje hatt utdannings og yrkesretteleing på vgs.-nivå når undersøkinga vert gjennomført og tala kan forklarast ut frå dette. Det kan og hende at resultata for Vg1 vert betre når dei vert meir kjent med vgs., og finn seg betre til rette i skulemiljøet og trivselen aukar. Det er nedgang i trivselen på Vg1, men ein auke for Vg2 og Vg3.

Vi har fokusert på vurdering for læring, noko som ser ut til å ha gitt resultat. I tillegg kjem faglege utfordringar best ut i statistikken dersom vi ser Vg1 – Vg3 i samanheng.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	0
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Vi har ikkje hatt aktivitetsplanar etter A-9A i opplæringslova i skuleåret 2022/2023. I Elevundersøkinga har elevande gitt tilbakemelding om at det er ned mot 0% mobbing 4 år på rad.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	3
Møter i skolemiljøutval	3
Møter i skoleutval	3

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Ja

Det har blitt avvikla 3 møte i Skule-/Skulemiljøutvalet i løpet av skuleåret. Rådet består av 2 samfunnskontaktar, 1 foreldrekontakt, 1 representant frå dei tilsette, rektor og 6 elevrådsrepresentantar. Elevrådsrepresentantane er i fleirtal jf. reglane om Skulemiljøutval. I tillegg til ein del informasjonssaker, vert aktuelle skulesaker tatt opp og drøfta i møtet. Ei av sakene som har blitt jobba med i mange år er ny gangveg frå busshaldeplassen til skulen. Dette i forhold til sikker skuleveg. Ålesund kommune gjennomførte denne utbetringa skuleåret 2022/2023.

Når det gjeld møter mellom Elevrådet og skuleleiinga, har skuleleiinga eigen elevrådskontakt som tek imot saker frå Elevrådet/Elevrådsstyret. Her er det jamleg møter der både representantar frå elevrådet og elevrådsrepresentanten i leiinga tek kontakt. På enkelte av møta er også rektor til stades. Det vart også gjennomført allmannamøte for alle elevar der aktuelle saker vart tatt opp. Rektor leiar desse møta.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	85,1%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro	95,0%	82,4%		89,2%
Helse- og oppvekstfag	69,2%	93,3%		82,1%
Teknologi- og industrifag	75,9%	94,4%		83,0%
Studiespesialisering	93,5	88,0%	82,9%	88,3%
Påbygg generell studiekompetanse			76,9%	76,9%
Total	93,5%	89,3%	80,0%	85,2%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Haram vidaregåande skule	85,9%	92,5%	94,1%	88,3%	85,1%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Haram vidaregåande skule har ei målsetting om meir enn 90% gjennomføring. Vi har ei gjennomføring på 84,7% i Qlick. I det materialet har vi fått stadfesta at 1 elev registrert under M er feilregistrert, justert med denne er gjennomføringa 85,1%. Utanom denne handsamar vi tala slik dei står. Hovudgrunnen til nedgangen i gjennomføringa er

eksamensresultata på Vg3 nivå skuleåret 2022/2023. Eksamen vart igjen innført våren 2023, og nye eksamensformer etter Kunnskapsløftet. Innafor realfagsområdet har faglærarane reagert på at eksamensoppgåvene var for teoretiske og at elevane fekk problem med dei. Utan eksamen ville gjennomføringa vore på 89,9%

Det er elles ein auke i innvilga permisjonar (eit skuleår over 2 år) på 1,2%, og elevar som har fått ikkje vurdert i eit eller fleire fag har auka med 0,5%, men her ei feilregistrering så endringa skal vere 0 %. Når det gjeld fråværet har dette gått ned med 0,2 %.

Fullføringsprosenten er på 93,5% for Vg1. Elektro og Studiespesialisering utgjer eit tallmessig høgre tal enn Helse- og oppvekstfag og Teknologi- og industrifag. Dette gjer at snittet for gjennomføringa for Vg1 – nivået likevel vert forholdsmessig høgt. Grunnen til at Vg1 Helse- og oppvekstfag kjem såpass lågt er høgt fråvære hos enkelte og at fleire har slutta i løpet av året.

På Vg2 nivå er gjennomføringa på 89,3 % samla. Her er det 2HO (Helsearbeidarfag) og 2TP (Industrieteknologi) som er med og drar opp resultatet. Dei er samla større enn Vg2 Studiespesialisering når ein ikkje har med Studiespesialisering utland.

Vg3 har ei gjennomføring på 80,0%. Dette skuldast at unormalt mange fekk stryk på eksamen i realfag, og at ein del slutta på Vg3 Påbygg generell studiekompetanse etter 01.10.2022. Tilbakemeldingane frå faglærarane er at dei nye eksamensoppgåvene etter Kunnskapsløftet var for teoretiske og at forma dei kom på var uventa. Ein del av dei som slutta på Påbygg generell studiespesialisering slutta fordi dei fekk lærekontrakt eller arbeid.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektro	4,35
Helse- og oppvekstfag	3,88
Teknologi- og industrifag	3,86
Studiespesialisering	4,12
Påbygg generell studiekompetanse	3,83
Total	4,04

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Haram vidaregåande skule	4,00	4,12	4,15	4,10	4,04
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

I dei 5 siste åra har vi hatt eit litt lågare karaktersnitt enn fylket elles. Tilbakemelding frå lærarane er at dei ikkje er spesielt strenge i karaktersettinga. Ein årsak kan vere at vi har full fordjuping i dei mest «krevjande» realfaga, og at dette gjer eit lite utslag i karaktersnittet.

Forskjellane i snittkarakterane mellom utdanningsprogramma har ein direkte årsakssamanheng med inntakspoenga til dei ulike programområda.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	8,0	16,0	6,2%
Vg1	7,9	18,8	6,3%
Vg2	8,7	15,4	6,2
Vg3	7,5	12,6	6,0%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Haram vidaregåande skule	4,1%	3,1%	1,7%	2,0%	6,2%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet under Korona pandemien gav låge tal grunna heimeundervisning og unntaksreglar. Dette slo delvis inn i skuleåret 2019/2020 (12.03.2020) og fullt inn i 2020/2021 og 2021/2022. I 2022/2023 er det ein auke i fråværet også i forhold til før pandemien slo til (2018/2019). Den same tendensen kan ein sjå på fylkesbasis. Ein grunn kan vere at innføringa av VIS har gitt eit betre registreringssystem. Ein annan årsakssamanheng kan vere konsekvensane av pandemien, heimeundervisning og unntaksreglar, der det vil ta tid å endre vanar.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022-23

Prosent	Tal
4,2%	11

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Haram vidaregåande skule	5,1%	1,5%	2,4%	4,5%	4,2%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er ein høgare prosentandel som sluttar ved Haram vidaregåande skule enn snittet i fylket. Dette kan kome av at elevar frå Ålesund eller Molde ikkje kjem inn på førstevealet sitt nær sin heimstad, og får plass på eit lågare ønske til dømes på HO eller TP på Haram vidaregåande skule. Blir det ledig plass på eit høgare ønske (3 stk.) og desse flyttar etter 01.10.2022, kjem desse inn i våre statistikkar som slutta. Justerer vi for desse har vi ein sluttprosent på 3,1%. Vi har og fleire som startar på 3PB i påvente av lærlingplass. Om desse lukkast i dette etter 01.10.2022, kjem dei med i våre tal som slutta. Vi har og ein auke i elevar som har fått innvilga permisjon for å ta eit normalår over 2 år. Om desse elevane ikkje fekk denne moglegheita, ville sluttprosenten vore høgare.

4.5 Overgangar

Det er ein del møtepunkt mellom ungdomsskulane og Haram vidaregåande skule. I tillegg til Karrieredag og veka med Utdanningsval, er det nettverk for rådgjevarane frå ungdomsskulane i vårt nærrområde og rådgjevar på Haram vidaregåande skule. Vi arrangerer og Open skule, samt vitjar ungdomsskulane, der våre elevar og lærarar er med og fortel om dei ulike studietilboda.

I forhold til høgare utdanning er det avsett fleire dagar der Høgskular og universitet får presentere sine tilbod. NTNU i Ålesund har og eit eige opplegg der våre elevar får vitje NTNU for å finne ut av deira tilbod.

Gjennom YFF og utplasseringsveker får alle elevar på yrkesfag anledning til å verte kjent med lokalt næringsliv. I tillegg får vi gjennom året besøk av ulike opplæringskontor eller bedrifter som presenterer framtidige moglegheiter eller ledig lærlingplassar.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Haram vidaregåande skule har eit leiarteam på 4 personar. Rektor, ass.rektor og 2 fagleiarar (jf. organisasjonsmodellen s. 3). Leiinga har i dei 2 – 3 siste åra hatt eigen mentor frå høgskulen i Volda, der ein har hatt regelmessige møter om saker som ein møter i ein skulekvardag og korleis løyse desse. Elles har mykje opplæring blitt gjennomført i Teams eller gjennom webinar.

Personalet gjennomførte hausten 2022 ein studietur til Berlin i samband med den internasjonale satsinga til skulen. I tillegg var dette og eit ledd i relasjonsbygginga i personalet, der det har vore store utskiftingar i samband med generasjonsskifte dei seinare åra. I samband med kompetanse for kvalitet har ca. 5 lærarar per år fått høve til å ta etterutdanning anten gjennom stipend eller vikarordninga. Fleire tar masterutdanning gjennom denne ordninga.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no